

Frå: Ole Martin Bolset
Send: måndag 13. desember 2021 10:38
Til: Pål Kjetil Tufta
Emne: SV: Referat frå oppstartsmøte haldt 29.11.2021 til uttale

Hei!

Slik denne saken er, so ser eg på framgangsmåten de legg fram som ein god framgangsmåte.

Veldig fint om de revidera planinitiativet, og er tydelegare på kva som er intensjonen/bakgrunnen for dette planarbeidet.

Å ta saka opp politisk, vil verte gebyrbelagt. Dette vert gebyrbelagt som avvist planinitiativ – administrativ avgjerd.

Gangen er slik: De sende inn eit planinitiativ, som administrasjonen vil avvise. Dette er gebyrbelagt, og gjev dykk moglegheita til å krevje saka førelagt for politikarane. Då skriv administrasjonen saka opp politisk. Deretter vil ein sjå kva utfallet frå den politiske handsaminga vil verte.

Tiltakshavar *kan* få grønt lys for å gå vidare med planarbeidet. Men det er viktig for tiltakshavar å då vere oppmerksom på tilbakemeldingane ein får ved varsel om oppstart. Lokalpolitikarane er første hinder, medan Statsforvaltar og andre offentlege instansar er hinder nummer to, som er vel so vanskeleg, om ikkje vanskelegare å tilfredsstill.

Ole Martin Bolset | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Frå: Pål Kjetil Tufta <pkt@arkoconsult.no>
Send: tysdag 7. desember 2021 10:50
Til: Ole Martin Bolset <ole.martin.bolset@alver.kommune.no>
Kopi: Ane Netland Rolland <ane@arkoconsult.no>; hdahl@corvusenergy.com;
trond@trondamundsen.no
Emne: SV: Referat frå oppstartsmøte haldt 29.11.2021 til uttale

Heisann!

Vi har hatt eit møte med planfremjarane i etterkant av forhåndskonferansen forrige mandag. Vi er litt overraska over kor tydeleg administrasjonen presiserte at det ikkje kan påreknast å få legalisert tiltaka som er i strid med overordna plan, gjennom denne reguleringa. Tilbakemeldinga frå Radøy kommune, både administrativt og i møte med politikarar då ein starta opp arbeidene, var at ein reguleringsplan var einaste moglege utveg for å få løyve til dei tiltaka som initiativtakarane til planen har utfordringar med, (altså gbnr. 464/32 og 464/20). Etter møtet slit initiativtakarane med å sjå at det er grunnlag for å gå vidare med planarbeidet, sidan signala var såpass tydelege på at det ikkje kunne påreknast at administrasjonen kunne godta slike avvik frå KPA som ligg på Haugstad i dag.

Vi har diskutert litt om at det kanskje skulle vore framheva meir i planinitiativ og referat bakgrunnen for at ein startar planarbeidet her. Det er ikkje ei nybygging på Haugstad som er utgangspunktet, men å få regulert hytteområdet i tråd med eksisterande situasjon i størst mogleg grad. Vidare kunne det vore ønskeleg å få lagt fram planinitiativet for politisk handsaming for å sjå kor saka står politisk. Vi tenkjer også at det kan være ryddig at bakgrunnen for planframlegget kjem tydeleg nok fram i initiativ og referat i forhold til oppstartsvarsel og svar frå offentlege instansar. Jo før ein kan få avklara om dette let seg gjere jo heller. Kva tenkjer Alver kommune om ei slik justering og framgangsmåte?

Med vennlig hilsen/Best Regards

Pål Kjetil Tufta
Faglig leder | Partner

Arkoconsult AS

Direkte: +47 99520416 | Felles: +47 56390003

Epost: pkt@arkoconsult.no

ARKITEKT – BYGGESØKNAD – BETONGARBEID - TØMRERARBEID

Hovedkontor - Valestrandsfossen:

Postboks 103, Hamrenesvegen 30
5281 Valestrandsfossen | NORWAY

Avdelingskontor - Voss

Vangsgata 46
5705 Voss | NORWAY |

Faktura sendes digitalt til: faktura@arkoconsult.no



Fra: Ole Martin Bolset <ole.martin.bolset@alver.kommune.no>

Sendt: 30. november 2021 12:21

Til: Pål Kjetil Tufta <pkt@arkoconsult.no>; Ane Netland Rolland <ane@arkoconsult.no>;

hdahl@corvusenergy.com; trond@trondamundsen.no

Emne: Referat frå oppstartsmøte haldt 29.11.2021 til uttale

Sjå vedlegg.

Møtereferat frå oppstartsmøte for detaljreguleringsplan for Haugstad gbnr. 464/32 mfl. haldt 29.11.2021 vert sendt over til uttale.

Set uttalefrist til 08.12.2021.

Om det ikkje er komen inn nokon merknader/uttaler til møtereferatet innan fristen, vert referatet sendt over med vedlegg.

Ole Martin Bolset | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE